



*sparebanken
sogn og fjordane*

Møtebok for Generalforsamlinga i Sparebanken Sogn og Fjordane

Møtestad: Banken sine lokale i Førde
Møtedato: 30. mars 2023

Sak 1-2 Registrering og val av person til å signere møteboka

Leiar i generalforsamlinga, Bernt Reed, opna møtet.

Desse møtte: Ranveig Årskog, Bernt Reed, Christine Nikøy Rogne, Jakob Andre Sandal, Marit Lunde, Tore Thorsnes, Harald Slettvoll, Anita Hagen Lægreid, Hege Gåsemøy, Ragnhild Helgheim, Roger Svarstad, Julie Vårdal Heggøy, Harald Kvame, Marit Lofnes Mellingen, Helge Holm -Marøy, Rolf Kleiven, Monika Refvik, Jon Rune Heimlid, Frank Kirkebø

Desse medlemene hadde meldt forfall og møtte ikkje: Brigt Samdal, Birgitta Hagen Kyrkjebø, Ingunn Sognnes, Katrine Myklebust, Kjersti Østerbø Bell, Randi Engen

Desse varamedlemene møtte: Julie Vårdal Heggøy, Margunn Selvik Grytten og Geir Ståle Støfring.

Desse varamedlemene hadde meldt forfall og møtte ikkje: Dagrun Kyrkjebø, Anne Kristine Aarskog, Arne Håkon Laberg og Kristin Kyrkjebø, Tor Einar Erikstad,

Rune Vosseteig, Irene Bjørndal og Lise Mari Haugen møtte som observatør.

Dessutan møtte:

Frå styret: Sindre Kvalheim

Frå Deloitte: Rune Nordstrand Olsen

Frå administrasjonen: Trond Teigene, Frode Vasseth

Sekretær: Lillian Loen

Val av person til å signere møtebok: Roger Svarstad.

Sak 3 Godkjenning av innkalling

Skriftleg innkalling er sendt til alle medlemmer og varamedlemmer av generalforsamling 09.03.23. Innkalling er med det sendt minimum 14 dagar før møtet i generalforsamlinga skal finne stad, jf. finansføretakslova § 8-3 (1) og allmennaksjelova §§ 5-10 og 5-11 b.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner samråystes innkallinga

Framlegget vart samråystes vedteke.

Sak 4 Godkjenning av saklista

Innkalling med sakliste og saksdokument er gjort tilgjengeleg på banken sine heimesider www.ssf.no den 09.03.23, i samsvar med finansføretakslova § 8-3 (1), allmennaksjelova §§ 5-11 a og vedtekten § 3-7. Innkalling og saksdokument er også gjort offentlig gjennom Oslo Børs si meldingsteneste www.newsweb.no den 09.03.23.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner samråystes saklista

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sak 5 Orientering frå administrerande direktør

Administrerande direktør Trond Teigene orienterte om stoda i banken – drift og strategi.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande

Sak 6 Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022, under dette disponering av overskot og utdeling av utbytte.

Sparebanken Sogn og Fjordane sin årsrapport følgjer som vedlegg nr 1.

Årsrapporten inneholdt mellom anna:

- Styret si årsmelding
- Resultatrekneskap, balanse, eigenkapitaloppstilling, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar
- Utgreiing om styring av verksemda
- Berekraftsrapportering for banken

Årsoverskotet som generalforsamlinga skal disponere er som følgjer:

Resultat etter skatt morbank	kr 671.247.167
------------------------------	----------------

Renter til hybridkapital	kr - 16.240.578
--------------------------	-----------------

Til disposisjon	kr 655.006.589
-----------------	----------------

Frode Vasseth presenterte kort rundt årsrekneskapen for 2022.

Revisor Rune Nordstrand Olsen orienterte kort om revisjonen.

Styreleiar Sindre Kvalheim orienterer om fokus i styrearbeidet..

Framlegg til vedtak

Årsrekneskapen som vedlagt vert godkjent som banken sin årsrekneskap for 2022.

Generalforsamlinga vedtar at årsresultatet for 2022 vert disponert som følgjer:

Utbytte (kr 12,00 pr EK-bevis)	kr 233.798.244
--------------------------------	----------------

Gåver	kr 14.000.000
-------	---------------

Utjamningsfond	kr 337.679.819
----------------	----------------

Kompensasjonsfond (grunnfondskapital)	kr 69.528.526
---------------------------------------	---------------

Sum disponert	kr 655.006.589
---------------	----------------

Utbytte skjer på grunnlag av eigarsamansettning pr 30. mars og med utbetaling 12. april.

Styret si årsmelding, revisjonsmelding og utgreiing om styring av verksemda vert tatt til vitande.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 7 Fastsetting av godtgjersle til revisor for 2022

I samsvar med finansføretakslova § 8-17 skal generalforsamlinga godkjenne ekstern revisor si godtgjersle. Godtgjersla følgjer av rekning og er spesifisert i note 26 til rekneskapen. Godtgjersla er også handsama i revisjonsutval 03.03.2023 og styremøte 07.03.22.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner revisor si godtgjersle på kr 923 836 for 2022. Av dette gjeld kr 894.686 lovpålagt revisjon, medan kr 29.150 gjeld andre tenester.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 8 Styret si fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette.

Styret skal i medhald av finansføretakslova § 8-3 (1), jf allmennaksjelova § 5-6 (3) og § 6-16a legge fram for generalforsamlinga ei fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette med slikt innhald som fastsett i § 6-16a.

Fråsegna følger som vedlegg nr. 2 til denne saksframstillinga. Det vert vist til fråsegna utan nærmare merknader. Det vert tilrådd at fråsegna vert teken til vitande.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga tar styret si fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette til vitande slik denne er formulert i vedlegg nr. 2 til denne saksframstillinga.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 9 Styret sine retningslinjer for fastsetting av lønn til leiarar (generalforsamlinga sitt vedtak er rådgjevande).

Styret skal i medhald av finansføretakslova § 8-3 (1), jf. allmennaksjelova § 5-6 legge fram for generalforsamlinga retningslinjer for fastsetting av leiarløner. Sistnemnde regel i allmennaksjelova gjeld såleis tilsvarende for finansføretak. Generalforsamlinga skal halde ei rådgjevande avstemming over retningslinjene, med unntak for eventuelle retningslinjer for ytingar omtalt i allmennaksjelova § 6-16a, første ledd, tredje punktum nr 3, som gjeld godtgjersle i form av «*tildeling av aksjar, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle som er knyttet til aksje eller utviklingen av aksjekursen i selskapet eller andre selskaper innenfor same konsernet,...*

Banken sin etablerte politikk og konsept for yting av godtgjersle til leiande tilsette, som skildra i styret si fråsegn om godtgjersle til leiande tilsette i sak 8, vil verte vidareført i rekneskapsåret 2023

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga tilrår at gjeldande retningslinjer for leiarløner vert vidareførte.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 10 Retningslinjer for tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle som er knytt til eigenkapitalbevis i sparebanken, til tilsette.

Banken har ei spareordning for tilsette, der tilsette ved kjøp av eigenkapitalbevis i SSF får rabatt i form av tildeling av ekstra eigenkapitalbevis etter to år binding. Nytilsette får eit gitt tal EK-bevis som ein start på spareordninga. Utover dette har banken ikkje godtgjersleordningar i form av tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar eller andre former for godtgjersle knytt til eigenkapitalbevis.

Styret ber om fullmakt til kjøp av eigne eigenkapitalbevis med formål om retta sal til tilsette i konsernet og medlem og varamedlem av styret. Ved slikt sal til tilsette vil det bli gitt rabattar til tilsette for å gi incitament til auka eigarskap i banken. Styret har også høve til å tildele ekstrabetalingar i form av EK-bevis til tilsette for inntil 1,5 månadslønn som ein del av banken sin generelle lønnspolitikk. Slik ekstrabetaling skal gjelde for alle tilsette, og skal ikkje gi insentiv til ekstra risikotaking.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner retningslinjer for tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle knytt til eigenkapitalbevis som beskrive over.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 11 Endring av vedtekter

I samband med gjennomføring av bankpakken 1. juni 2022, som implementerte fleire ulike bankrelaterte EU-direktiv i norsk lovgiving, kom det forskriftsreglar som regulerer at opptak av etterstilt gjeld følger tilsvarende reglar som for opptak av kjernekapital og

tilleggskapital (fondsobligasjoner og ansvarleg lån). Vi har allereie praktisert dette i nokre år ved å be om årleg fullmakt frå generalforsamling. For at vedtekten skal henge saman med regelverk og praksis foreslår vi å gjere ei mindre justering av vedtekten §3-9 Generalforsamlinga sine oppgåver.

Vi foreslår å endre siste avsnitt i §3-9 frå:

«Vedtak om eller fullmakt til å ta opp ansvarleg lån eller fondsobligasjoner vert gjort av generalforsamlinga med fleirtal som ved vedtektsendring. Vedtak om eller fullmakt til å ta opp annan framandkapital vert gjort av styret eller i samsvar med delegasjonsvedtak frå styret.»

Til ny tekst (endringsmarkering vert fjerna i endeleg versjon):

«Vedtak om eller fullmakt til å ta opp ansvarleg lån, eller fondsobligasjoner eller etterstilt gjeldsinstrument vert gjort av generalforsamlinga med fleirtal som ved vedtektsendring. Vedtak om eller fullmakt til å ta opp annan framandkapital vert gjort av styret eller i samsvar med delegasjonsvedtak frå styret.»

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner endring i vedtekten §3-9 som beskrive over. Oppdaterte vedtekter blir godkjent slik dei ligg føre i vedlegg 3.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 12 Fullmakt til kapitalauke og kjøp av eigne eigenkapitalbevis

Sparebanken Sogn og Fjordane har ved årsskiftet ei kapitaldekning på 20,2 % og rein kjernekapitaldekning på 17,4 %. Banken er solid og har god margin til gjeldande regulatoriske krav.

Banken ønskjer å ha beredskap for å hente ny ansvarleg kapital for å oppretthalde og eventuelt styrke denne soliditeten. Styret fekk i generalforsamlingsmøte 30.03.22 fullmakt til å hente inntil 500 millionar kroner i fondsobligasjoner, 500 millionar kroner i ansvarlege lån og 2000 millionar kroner i anna etterstilt gjeld. Vidare fekk styret fullmakt til å kjøpe tilbake eigenkapitalbevis for samla pålydande inntil 150 millionar kroner.

Desse fullmaktene har ei lovbestemt maksimal varighet på 18-24 månadar. I prinsipp for eigarstyring og selskapsleiring (NUES) er det tilrådd at styrefullmakt til kapitalauke ikkje bør gjelde lenger enn til neste ordinære generalforsamling og bør avgrensast til konkrete formål. Vi ønskjer å tilpasse oss NUES på dette punktet og har derfor lagt oss på ei varighet fram til neste ordinære generalforsamling, og dermed ei årleg fornying av fullmaktene.

Styret foreslår ei vidareføring av fullmaktene knytt til fondsobligasjoner, etterstilt gjeld og tilbakekjøp av eigenkapitalbevis, samt ein auke i fullmakt knytt til ansvarleg lån til inntil 600 millionar kroner.

Styret inviterer generalforsamlinga til å gi styret fullmakt i tråd med det som er skissert under.

Framlegg til vedtak

1 Fullmakt til å overta eigne eigenkapitalbevis:

1. Styret vert gitt fullmakt til å overta eigne eigenkapitalbevis for samla pålydande 150 millionar kroner innanfor dei rammer som er fastsette i lov og forskrift. Det minste og høgste beløp som kan betalast for det einskilde eigenkapitalbevis er høvesvis kr 50,- og kr 400,-.

2. Fullmakta skal gjelde til neste ordinære generalforsamling.

3. Den samla pålydande verdi av eigenkapitalbevis som banken eig eller har avtalepant i, skal ikkje overstige 10 prosent av banken sine totale pålydande eigarandelskapital.

4. Før ei eventuell børsnotering kan eigenkapitalbevis kjøpast direkte frå eigar i andrehandsmarknaden. Etter ei eventuell børsnotering skal slikt erverv skje ved kjøp i verdipapirmarknaden via børs.
5. Eigne eigenkapitalbevis kan nyttast til retta sal eller tildeling til tilsette i konsernet og styre- og varamedlem til styret.
6. Fullmakta føreset registrering i føretaksregisteret og Finanstilsynet si godkjenning.

2 Fullmakt til å utferde fondsobligasjoner:

1. Styret vert gitt fullmakt til å utferde fondsobligasjoner med pålydande verdi inntil 500 millionar kroner
2. Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

3 Fullmakt til å utferde ansvarleg lån:

1. Styret vert gitt fullmakt til å utferde ansvarleg lån med pålydande verdi inntil 600 millionar kroner.
2. Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

4 Fullmakt til å utferde etterstilt gjeld (Tier 3-gjeld):

1. Styret vert gitt fullmakt til å utferde etterstilt gjeld utover ansvarleg lån og fondsobligasjoner med pålydande verdi inntil 2.000 millionar kroner.
2. Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 13 Endring av instruks for valnemnder og valstyre

Den europeiske verdipapir- og marknadstilsynsmyndigheten (ESMA) og den europeiske banktilsynsmyndigheten (EBA) publiserte 2. juli 2021 reviserte felles retningslinjer om «vurdering av egnetheten til styret og nøkkelpersonell» ("Joint ESMA and EBA Guidelines on the assessment of the suitability of members of the management body (revised)"). Finanstilsynet har seinare sagt at retningslinjene som rettar seg mot kredittinstitusjonar og verdipapirføretak gjeld i Noreg og supplerer Finanstilsynets eige rundskriv 1/2020.

Endringane gjeld hovudsakleg eignavurderinger i lys av risiko for kvitvasking og/eller terrorfinansiering, styresamansetjing og mangfold, mellom anna kjønnsbalanse, samt kriterium for å vurdere om styremedlem og nøkkelpersonell er uavhengige (opptrer med "independence of mind").

Endringane medfører behov for å oppdatere instruksane for valnemndene til banken. Vedlagt følgjer endringsmarkert framlegg til instruks, som vart handsama og innstilt som framlegg til generalforsamling av styret i styremøte 13.02.2023. Det er hovudsakleg referansar til og opplysingar om eignavurderinger som er nytt, men det er også gjort enkelte språklege tilpassingar i resten av instruksen.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner instruks for valnemndene og valstyret i Sparebanken Sogn og Fjordane, slik den ligg føre i vedlegg 4.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 14 Val av styremedlemer

Sak 14.1 Val av leiar, medlemer og varamedlem til styret med unntak av medlemer og varamedlemer som vert valde av dei tilsette.

I samsvar med vedtekten § 4-1 og § 5-1 og instruks for valnemndene i SSF, legg valkomiteen for generalforsamlinga fram forslag til styresamansetjing frå 2023.

Styremedlemmer som er på val i år er Sindre Kvalheim, Magny Øvrebø og Johnny Ivar Haugsbakk, og 2. varamedlem Hanne Katrine Mundal. Valkomiteen føresler attval på medlemmane Magny Øvrebø og Johnny Ivar Haugsbakk, og 2. vara Hanne Katrine Mundal.

Vidare føresler valkomiteen Kristian Skibenes frå Måløy, som ny medlem i styret, og gjer framlegg om Lise Mari Haugen som styreleiar.

Orientering om kompetanse m.m for ny styremedlem Kristian Skibenes:

Kristian Skibenes er 44 år og er frå og bur i Måløy. Han er utdanna siviløkonom og statsautorisert revisor. Han har arbeidserfaring frå BDO (internasjonalt rådgjevings- og revisjonsselskap), dagleg leiar i Fjord Services AS (rekneskaps- og rådgjevingsselskap), og som finansdirektør i Lefdal Mine Datasenter AS. Han er p.t. dagleg leiar i Fjord Marin Invest AS i Måløy. I sitt politiske verv som medlem i kommunestyre og planutval i Kinn kommune, har han m.a. vore styreleiar i Nordfjord Hamn m.fl. Han tek ikkje attval i politikken.

Valkomiteen sitt framlegg til vedtak for val av styremedlemmer for 2 år:

Val av styremedlemmer:	Magny Øvrebø – attval
	Johnny Ivar Haugsbakk – attval
	Kristian Skibenes – ny

Val av ny leiar i styret for 2 år:	Lise Mari Haugen
------------------------------------	------------------

Val av 2. vara til styret for 2 år:	Hanne Katrine Mundal – attval
-------------------------------------	-------------------------------

Sak 14.2 Orientering om val av tilsette sine representantar til styret

Tilsette kan krevje to styrerrepresentantar med varamedlemer. Det er berre tilsette som kan fremje forslag og stemme ved val av tilsette sine representantar til styret.

Dei tilsette som er på val i år er Marie Heieren som medlem, og Torunn Steimler som varamedlemer.

Resultat frå valet blant dei tilsette

Tilsettrepresentant til styret for 2 år:	Camilla C. Holvik (ny)
Varamedlem i 2 år:	Helene Gåsemyr (ny)

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tok orienteringa til vitande

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 15 Val av leiar i generalforsamlinga

Bernt Reed kan ikkje attveljast som medlem av generalforsamlinga i 2024, og kan dermed heller ikkje attveljast for ein ny periode som leiar av generalforsamlinga.

Valkomiteen sitt framlegg til vedtak:

Leiar for generalforsamlinga for 2 år:	Jacob Andre Sandal (ny)
----------------------------------------	-------------------------

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 16 Val av medlemmer og varamedlemmer til valkomiteen for generalforsamlinga for 2 år

I dag er valnemda sett saman av følgjande medlemmer:

Marit Lunde (leiar), innskytarvald
Marit Lofnes Mellingen, EKB-representant
Roger Svarstad, tilsettrepresentant

Varamedlemmer:

Brigt Samdal, innskytarvald

Rolf Kleiven, EKB-representant
Anita Hagen Lægreid, tilsetterrepresentant

I år er Marit Lunde og Marit Lofnes Mellingen på val som medlem, og Brigt Samdal og Rolf Kleiven på val som varamedlem.
Marit Lunde kan ikkje attveljast, og Brigt Samdal har takka nei til attval.

Valkomiteen sitt framlegg til vedtak i valkomiteen:

Marit Lofnes Mellingen - medlem (attval) frå EKB-eigarane, blir innvalgt som leiar.
Tore Thorsnes - medlem (ny) for dei innskytarvalde.

Christine Nikøy Rogne - varamedlem (ny) for dei innskytavalde.
Randi Engen - varamedlem (ny) frå EKB- eigarane.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 17 Fastsetjing av godtgjerdsla og honorar til tillitsvalde

Honorar for tillitsvalde vart sist endra i 2022, spesielt grunna auka arbeidsmengd i styre, styreutval og valkomite.

Vi har ikkje innhenta og samanlikna satsar frå andre bankar i år, men med tanke på fortsatt auka arbeidsmengd som grunnar i fleire forhold, samt auka prisvekst, føresler valkomiteen ei auke i dei faste honorarsatsane om lag som lønnsveksten elles i banken.

Møtegodtgjerdsla føreslår vi vert uendra for 2023, og at vi tek ein grundigare vurdering til neste år.

Valkomiteen sitt forslag til endring av honorarsatsar er markert med raud skrift i kolonnen til høgre.

	Sats pr år 2022	Sats pr år 2023
Generalforsamling:		
Leiar	30.000	31.500
Medlemer		
Varamedlemer		
Styret:		
Leiar	200.000	210.000
Nestleiar	110.000	115.500
Medlemer	90.000	94.500
Varamedlemer		
Valkomite:		
Leiar	30.000	31.500
Medlemer	5.000	5.500
Varamedlemer		
Kompensasjonsutval:		
Leiar	10.000	10.500
Medlem	5.000	5.500
Revisjonsutval:		
Leiar	20.000	21.000
Medlem	10.000	10.500
Risikoutval:		

Leiar	20.000	21.000
Medlem	10.000	10.500

Framlegg til vedtak:

Honorarsatsar til tillitsvalde blir endra i samsvar med ny årleg sats i tabellen over. Andre satsar blir vidareført som tidlegare.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Møtet slutt.



Bernt Reed
leiar i generalforsamlinga



Roger Svarstad